



Nr. 5 - JULI 1991

**BOKN
EKSTRA**

RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND



H.M. Kong Harald 5 opnar Kyststamvegen gjennom Bogn kommune 26. juni 1991. Kongen har vegdirektør Eskild Jensen på si høgre side og ordførar i Bogn Leif Vatnaland på venstre side.



**STATENS VEGVESEN
ROGALAND**

- FOR BETRE TRANSPORT

BOKN

**FASTLANDSSAMBAND
Ein del av Kyststamvegen**



Nr. 5 - Juli 1991

Redaktør
Harald Sel

I redaksjonen
Johan Lund
Eva Vivoll

Sats/layout
Bodil Dam Bustad

Trykk
Allservice A/S

Forsidefoto
Roy Storvik

Baksidefoto
Harald Sel

Opplag
2100 eksemplar

INNHALD

God veg gjennom vakker kommune	2
Helsing frå vegsjef Chester Danielsen	3
Bokn i dag	4
Bokn - Porten mellom nord og sør	4
Helsing frå Bokn-ordføraren	5
Bokn fastlandssamband	6
Fastlandsambandet sparer store fraktutgifter	7
Attraktiv kommune for nyetableringar	7
Bokn ligg lageleg til for fiske	8
Fiskeoppdrett: Bokn-næring i "medvind"	9
Festopning med historisk sus	10
Ein musikkskule å vera stolt av	13
Fastlandsambandet ein fordel for kulturlivet	13
Småbruka viktige for Bokn - men kva med framtida?	14
Leia var både riksveg og europaveg	15
Hav og land møtes i pakt med eldgammal samferdselstradisjon	16
Dei offentlege tenesteytarane	19
Fint å vera ung i Bokn	19

God veg gjennom vakker kommune

For første gong gir Statens vegvesen Rogaland ut eit ekstranummer av bedriftsbladet i samband med fullføring av eit vegprosjekt.

Boknprosjektet er eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta som er realisert i Rogaland, så det er naturleg med mykje blest og omtale. Fokusering på "vertskommunen" Bokn, som nå ligg kommunikasjonsmessig i sentrum av Rogaland, er det også god grunn til.

Kyststamvegen gjennom Bokn kommune knytter Rogaland fylke meir saman. Samtidig er det eit nytt "steg" i arbeidet for betre nord-sør kommunikasjon på Vestlandet. Når Rennfast-prosjektet er fullført om



halvanna år, vil dette vera ein ny samferdselsmessig milepel for Rogaland og Vestlandet.

Me gratulerer boknarane og alle andre vegtrafikanter med ein god veg gjennom ein vakker kommune.

Harald Sel

GRATULERER BOKN! GRATULERER ROGALAND! GRATULERER VESTLANDET!

Fastlandsambandet for Bokn, - Bokn-prosjektet, - er eit av dei største veg- og bru-anlegga som Statens vegvesen i Rogaland har hatt ansvaret for. Anlegget starta opp så vidt for fem år sidan, og det vart ferdig nå i juni.

Vi ser på det som ei stor ære og som ei fin markering av kor viktig dette anlegget er, at Hans Majestet Kong Harald foretok den høgtidelege opninga av Bokn-prosjektet den 26. juni d.å. Denne veg- og bru-opninga var ei historisk hending både for Bokn kommune, for Rogaland fylke og for Vestlandet.

Bokn-bassenget er eit ope og sårbart øy-landskap. Inngrep i dette landskapet kan lett visa igjen som framandelement og sår i terrenget. Store og høge bruonstruksjonar kan dominere landskapet. Dette er slett ikkje tilfellet for Bokn-prosjektet. Alle som kjører vegen er sikkert samde om at vegen føyer seg vakkert inn i terrenget og er nærast blitt ein naturleg del av det. Sjølv om bruene er høge og dominerande, er også dei med på å understreke dei store linjene i landskapet.

Eg har ved mange høve sagt at eg aldri har sett ei stygg bru, - alle bruer er vakre uansett, - med stor rett kan det seiast om Bokn-bruene, - også av dei som ikkje er så einsidig glad i bruer som vi vegfolka er.

Gratulerer Bokn!

Det er med glede og stolthet at vi i Statens vegvesen nå overlet dette vakre anlegget til bruk for Bokna-buane. Vi har hatt eit hyggeleg og godt samarbeid med både innbyggjarar, kommuneadministrasjonen og politikarar. Vi takkar for samarbeidet og gratulerer Leif Vatnaland og alle andre Bokna-buar med fastlandsambandet.

Gratulerer Rogaland!

Det var ein stor dag for Bokn då Rogaland fylkesting i april 1983 gjorde sitt einstemmige vedtak om finansiering og igangsetjing av Bokn-prosjektet. Fylket si prioritering og det at fylket, - og distriktet elles, godtok delvis bompeng finansiering, - var det som skulle til for å gi prosjektet prioritet i Norsk Vegplan.

Dei er ei lukke for vårt fylke at vi har politikarar som skjønner kor viktig det er å ha gode

kommunikasjonar. I dette tilfellet såg dei at Bokn-prosjektet ikkje var berre eit fastlandsamband for Bokn kommune, men

også den første lenken i eit nytt og betre veg- og ferjesamband mellom nordfylket og sørfylket.

Det er difor all grunn til å gratulere også Rogaland fylke med fullføringa av Bokn-prosjektet.

Gratulerer Vestlandet!

Om snau eitt år vil vegen over Bokn få riksvegnummer 1, og det vil då markere at Bokn-prosjektet er ein del av Kyststamvegen.

Kyststamvegen vil få mange slike prosjekt i åra framover før vi kan seie at Vestlandet sin viktigaste trafikkåre har fått ein tilfredsstillande standard. Men neste år får vi Rennfast ferdig her i vårt fylke, og i Hordaland vil dei etter kvart også få ferdig nye prosjekt i Kyststamveg-komplekset.


Men Bokn-prosjektet er førstemann ut som eit anlegg der vi bevisst har brukt nemninga Kyststamvegen. Vi vonar at også andre fylke vil markere Kyststamveg-tanken på same måte.

Det er all grunn til også å gratulere Vestlandet med denne fullføringa av eit av dei mange ferje-innkortingsprosjekta som må til for at landsdelen skal få ein tilfredsstillande vegstandard.

Til slutt tillet eg meg å gratulere Statens vegvesen Rogaland. Denne gratulasjonen rettar eg til Rune Sandven og alle hans medarbeidarar. Dei har nå fullført eit prosjekt til nærare 250 mill.kr til rett tid og utan overskridingar. Dei har fått til eit godt og fruktbart samarbeid med alle dei ulike instansar og menneske som er involvert i eit slikt stort prosjekt. Dei har vore verdige representantar for vår etat.

Gratulerer med velgjort jobb!





Areal: 48 kvm

Innbyggjarar: 750

Administrasjons-senter:
Føresvik

Ordførar:
Leif Vatnaland

Varaordførar:
Arne Hosaas

Rådmann:
Jan Erik Nygaard

Partifordeling i kommunestyret:
Arbeidarpartiet 4
Høgre 4
Kristeleg folkeparti 2
Senterpartiet 7

Viktigaste næringar:
Plastindustri, jordbruk (mjølkeproduksjon, kjøtproduksjon), fiske/oppdrett, fiskemottak, handel og service

Skule:
Bokn skule - 102 elevar i barne- og ungdomsskule

Kyrkjejrins:
Bokn
Kommunen høyrer inn under Tysvær prestegjeld

Lagsliv:
Kommunen har eit breitt utval med lag og organisasjonar, som dekker mange interesser. Mellom anna idrettslag, speidarorganisasjon, kristelege organisasjonar som t.d. yngres, svingklubb, leikarring, 2 musikkorps, damekor, veteranmotersykkelklubb.

Bokn - Porten mellom nord og sør

Av Reidar Alvestad

Foto: Harald Sel

Forskarane meiner at "Bokn" betyr "sjømerke". Det karakteristiske Boknafjellet er det høgaste punktet ute på kysten mellom Sirevåg i sør og Røvær i nord.

Frå midt i leia til bakevje
Slik Bokn ligg geografisk midt i leia for båttrafikk langs kysten, har denne øya alltid hatt godt samkvem med omverda så lenge båten var det viktigaste framkomstmidlet.

Etter kvart som bilen overtok, kom kommunen meir og meir i bakevja kommunikasjonsmessig. Sjølv om det vart oppretta ferjesamband frå Bokn til Kopervik, miste ein noko av den gode kommunikasjonen ein hadde med sørfylket.

For persontrafikken sin del har kommunen lenge hatt svært gode kommunikasjonar

både nordover og sørover, i og med at alle hurtigbåtane mellom Stavanger og Hauge-sund/Bergen har rute innom Bokn.

"Nålauga" og stengsel

Boknasundet har vore eit nålauge for båttrafikken langs kysten mellom nord og sør. Siste lune farvatn før ein la ut på den åpne Boknafjorden.

Men sundet har også saman med Ognasundet vore det som har delt kommunen. Dei som skulle på skulen, til kommunesenteret eller hadde andre gjeremål på Vestre Bokn, måtte over sundet. Såleis har fastlandssambandet, ved sida av å gjera Bokn landfast, også ført til at heile kommunen nå er bunden saman, med dei fordelene dette fører med seg både for innbyggjarane og for utføring

av kommunale tenester.

Frå øy til fastland

For få år sidan høyrdes det utruleg ut at Bokn skulle bli landfast, og få Kyststamvegen gjennom kommunen med ferje til Rennesøy.

Utbygginga har gått trinnvis, slik at det ikkje har blitt så radikal omlegging over kort tid. Brua over Frekasundet til Ognøy kom for 2 1/2 år sidan, og brua over Ognasundet til Austre Bokn sto ferdig for 1 1/2 år sidan. Siste brua over Boknasundet vart åpna for 4 mnd. sidan, og dermed var heile kommunen landfast.

Når åpninga av ferjeleiet i Arsvågen er over, er heile vegprosjektet ferdig. Det neste vert Rennfast seint i 1992 som vil korta ferjereisa over Boknafjorden frå 50 til 20 minutt.



Boknasundet er ein "port" og eit "nålauga" i båttrafikken mellom nord og sør langs kysten. Med Boknasundet bru er sundet også ein "port" for vegtrafikken på Vestlandet. I bakgrunnen ser me det karakteristiske Boknafjellet med den velkjente fjernsynsmasta.

Tilrettelegging av ny utvikling

Det har vore uttrykt liten skepsis til det å få fastlands-samband i kommunen. Det er helst fordelene ved dette som har vore i fokus. Både politikarar og andre har hatt eit realistisk syn på kva muligheter dette vil gi kommunen.

Ein har ikkje rekna med at nyetableringar av arbeidsplassar eller stor innflytting vil koma av seg sjølv. Det er lagt til rette for bustadtomter og industri. Rett nok har Bokn figurert meir enn vanleg i media den siste tida p.g.a. åpninga av dei tre bruene, og det har nok vore ein del interesserte for etableringar i kommunen. Likevel har ikkje dette til nå ført til synlege resultat.

Vegsambandet har likevel lagt tilhøva betre til rette, slik at ein kan ha betre mulighet i framtida for ny utvikling når det gjeld nye arbeidsplassar, og ein viss auke i folketalet.

Dei kommunale tenestene er relativt godt utbygde, og det skjer for tida vidare utbygging i barnhage og skule med tanke på full barnhagedekning og heil-dagsskule frå hausten 1991 for dei yngste årstrinna.

Bokn og Tysvær kommune har som eit konkret resultat av bruer og veg fått i stand samarbeide m.a. på helse-sektoren.

Bygdekulturen

Kommunen har eit rikt kulturliv som på mange måtar går på tvers av generasjonar og særinteresser. På ein del større arrangement er det vanleg at store deler av bygdefolket møter fram for å ta del i eit fellesskap som sikkert ikkje er vanleg i meir urbaniserte strom. Dette vil kommunen satsa på skal halda fram og få mulighet til å utvikla seg.

Særleg vil ein leggja vekt på at barn og ungdom skal finna seg til rette i gode fritidstilbod, slik at dei ikkje treng å reisa inn til bysentra på fritida. Dette vil bli ei viktig utfordring for Bokn kommune.

Tilhøva ligg nå også betre til rette for lag og organisasjonar, som ikkje lenger er avhengige av ferjetidene til og frå Austre Bokn når dei skal ha møte eller andre arrangement.

Ein konkret ting å peika på som resultat av dei nye tidene, er at Bokn nå har fått eitt felles bedehus på Austre Bokn for heile kommunen.

Samarbeid med Tysvær og Rennesøy

Samarbeid med lag og organisasjonar i andre kommunar, og då særleg i Tysvær som ligg nærast, vert nå mykje enklare, og vil sikkert gi positive verknader.

Spennande vil det også bli når Rennfast er ferdig, om det vil bli knytta nærare samarbeid t.d. på kultursektoren til denne kommunen når ferja tar 20 minutt frå Bokn til Rennesøy.

Halda fast på det beste

Både i kommuneplanar og i andre samanhengar er det peika på kor viktig det vil vera å halda fast på det beste av det levesettet som i dag særpregar kommunen.

Det tette sosiale nettverket som er ein del av bygdekulturen, gjer nok sitt til at det er trygt og godt å bu i kommunen. Dette vil nok bli sett på prøve, når byen og meir urbane strom med sitt levesett kjem nærare innpå.

Om nokre år vil det nok bli interessant å sjå korleis bygdesamfunnet har utvikla seg i lys av at kommunen har fått Kyststamvegen gjennom bygda.

Helsing frå Bokn-ordføraren



Bokn's fastlandssamband er ein realitet. Fullføringa av anlegget har vel gått fortare enn dei fleste hadde rekna med. Det er helst slik at ein må klypa seg i ermen, for å forsikra seg at det ikkje berre er ein draum.

Då planane om brusambandet til Bokn kom opp tidleg på 70-talet, trudde nok folk flest at dette var fantasiar. I beste fall måtte ein rekna med at det ville ta generasjonar å få realisert prosjektet.

Men det tok ikkje lang tid før dei styrande organ, både på fylkesplan og her lokalt, såg dei gode grunnane for å byggja bru- og vegsambandet gjennom kommunen. Det viste seg snart, at det slett ikkje var urealistisk å få prosjektet realisert.

Bokn har dei siste 10-12 åra vore prega av den store utbygginga som nå er fullført, først i planfasen og seinare gjennom anleggsperioden.

Ulike alternativ og løysingar i framlagte planar skapte ein del debatt og motstridande meiningar. Men etter at det var gjort endelege vedtak, har alle vore opptekne av å finna dei beste løysingane på detaljspørsmåla som har dukka opp.

I dag trur eg me kan seia at Bokn kommune ligg kommunikasjonsmessig i sentrum av Rogaland. Med den betydning gode samband med omverda har for vekst og utvikling, vil eg spå ei positiv framtid for vår kommune.

Eg vil bringa ei takk til alle dei som har medvirka til at anlegget nå står ferdig.

- Det gjeld alle dei politiske organ som har fatta sine vedtak.

- Ikkje minst gjeld det vegsjefen og hans stab, som har vore pådrivarar i heile prosessen.

- Og til sist, takk til planleggjarar og anleggsfolk for eit verkeleg fagmessig og fint utført arbeid.

Bravo!

Leif Vatnaland

Bokn fastlandssamband

Av prosjektleder Rune Sandven

Foto: Bård Asle Nordbø

Den 26 juni 1991 åpnet H.M. Kong Harald V Bokn fastlandssamband. Dermed er en del av Kyststamvegen gjennom Rogaland ferdig.

I tillegg til å være en del av kyststamvegen fra Egersund til Kristiansund, har utbyggingen også hatt andre hensikter:

- øke fremkommeligheten mellom Sør- og Nord Rogaland
- minske trafikkbelastningen på Rv.14 over Karmøy
- minske reiselengden nordover til Bergen og østover til Odda.

For øysamfunnet Bokn har vegprosjektet medført vegforbindelse til fastlandet i Tysvær. Hva dette vil bety for kommunen kan være vanskelig å forutse, men muligheten for utvikling innen mange områder ligger absolutt vel til rette.

Økonomi - framdrift

Det har tatt nesten 5 år å bygge dette

prosjektet. Høsten 1986 ble arbeidet startet i Arsvågen med molobygging. Vegarbeidene ble satt i gang i mai 1987, og har pågått kontinuerlig siden.

Etter hvert som vegarbeid og brukarbeid skred fram, har vi vært med på flere milepæler.

K o m m u n e n e

Tysvær og Bokn ble knyttet sammen med Frekasund bru i desember 1988. Ognasundet bru var ferdig i desember 1989, og dermed var Ognøy og Austre Bokn knyttet sammen.

Boknasund brua som liksom var prikken over i-en ble åpnet i februar i år. Stor fest og massiv oppslutning av lokalbefolkningen viste klart at dette hadde de ventet lenge på.



Rasteplassen på Austre Bokn med Ognasundet bru i bakgrunnen, har vært flittig brukt siden åpningen av Bokn fastlandssamband. Turbussene f.eks., stopper ofte her.

Det viste seg meget fort at også befolkningen på Haugalandet hadde sett fram til å få Bokn landfast. Rene folkevandringen til øyene var resultatet den første tiden, og det ser ut til at strømmen fortsetter, selv om den nå hovedsaklig er konsentrert om helgene.

Alt dette har selvfølgelig kostet penger. Rundt 250 millioner kroner vil sluttregningen lyde på. For denne summen har vi i store trekk bygget følgende:

- Ca. 14 km ny veg
- 4 bruer på tilsammen 940 m
- 5 mindre brukonstruksjoner
- tunnel på 600 m
- ferjeleie med plass til ca. 300 biler

Hovedplanen fra 1984 hadde en kostnadsramme på 150.5 mill. kroner (84-pris). Inkludert endringer og tillegg vil dette gi en pris på ca. 262 mill.kr i 1991 kr.

Mange utfordringer har det vært underveis, da spesielt ved brubyggingen. Lavbrua over Frekasundet, fundamentert på utstøpte stålpeler, der de lengste var over 50 m, var i grenseland med hensyn til pelefundamentering og nøyaktighet.

På Ognasund ble de største søylefundamentene prefabrikkert på land i Stavanger, for så å bli fraktet med flytekran til brustedet der de ble korrekt plassert på utsprengte fjellhyller under vann.



En del av dem som har arbeidet fram Bokn-prosjektet, fotografert under innspurten i arbeidet med Arsvågen ferjeleie. Bak fra v.: Jakob Høyland, Jan Magne Fagerheim, Steinar Rullestad og Sissel Samsøe, alle fra Statens vegvesen.

Framme fra v.: Jan Sverre Sjøvik fra Hagaland Containerservice, Svein Arthur Bådsvik og Arne Sakarias Tveit fra Sakarias Nesheim AIS, Magnar Michelsen, Terje Nordmark, Rune Sandven, Sverre Kvinnesland, Karsten Haukås og Ivar Seime fra Statens vegvesen.

Bokn Plast A/S - største industriverksemda i kommunen

- Fastlandssamband sparer oss for store fraktutgifter

Tekst og foto: Harald Sel

- Fastlandsambandet fører til at me sparer minst kr 200.000 pr. år i frakt. Det tilsvarer 1 % av den totale omsetninga, som i fjor var 20 millionar kr. Frakta av produkta våre med ferje til Kopervik og omlasting der, har vore dyr for oss.

Dette seier ingeniør Gunnar Simonsen i Bokn Plast A/S. Bedrifta er den største i Bokn kommune, med 20 tilsette.

Bokn Plast starta produksjonen i 1970, og har vakse til ei av dei største verksemdene i Norge på plastprodukt i glassfiber og polyester. Som produsent av septiktankar, er Bokn Plast størst i landet. Men ein produserer også oljetankar og ei rekke spesialprodukt, særleg for oljeindustrien.

Nye produkt

For tida ventar verksemda seg mykje av eit nyutvikla mini-reinselegg, berekna på 1 til 2 hushaldningar. På grunn av skjerpa miljøkrav, er septiktankane på veg ut, og mini-reinseanlegg vil truleg koma i staden.

Masse frå vegvesenet

Bokn Plast starta produksjonen i ein nedlagt hermetikkfabrikk i Føresvik. Denne er påbygd 2 gonger. I 1990 fekk verksemda gratis overskotsmasse av Statens vegvesen frå veganlegga på

Bokn, og fyllte ut 4 dekar i sjøen. Dermed har ein fått god lagringsplass og areal for eventuelle nye utvidingar.


Utviding

Me spør Gunnar Simonsen om bedrifta har tankar om å veksa.

- For tida har me ingen planar om utviding. Det er ikkje noko mål i seg sjøl å bli større. Små og mellomstore bedrifter har sine fordeler. Me satsar først og fremst på å vera fleksible, når me får store ordrar og prosjekt. Her er me svært heldige, som har ein dyktig og stabil arbeidsstokk.

- Og økonomien er god?

- Det har vore greit å få det til å gå økonomisk, og overskotet er rimeleg godt. Men svingningane kan vera store. All innsparing, som f.eks. fraktutgifter, er viktige. Det gjeld å ha "ryggrad" til å kunne møte eventuelle sviktande konjunkturar, seier Gunnar Simonsen.



Næringskonsulent
Stein Alendal:

- Attraktiv kommune for nyetableringar

Med fastlandsamband og den nye Kyststamvegen gjennom kommunen, skulle tilhøva ligga godt til rette for ny næringsutvikling i Bokn.

Til å utarbeida ein strategisk næringsplan, har kommunen engasjert næringskonsulent Stein Alendal. Alendal seier at han i dette arbeidet legg stor vekt på det han kallar "heilheitsutvikling". - Får du folk til å trivast på ein plass, vil dei busetta seg der. Og så vil det koma næringsutvikling, seier han.

Kommunen har lagt ut eit flott bustadfelt ved Alvestadkroken. Her har ein del av tomtene til og med naustplass ved Boknasundet. Det er også lagt ut nærings- og industriområde, med lett adkomst til Kyststamvegen.

Korleis vurderer så Stein Alendal sjansane for Bokn til å få nye bedrifter og fleire arbeidsplassar.

- Med fastlandsambandet og den gode kommunikasjonen både nordover og sørover ligg forholda godt til rette for ny verksemd. Men me må også satsa på dei områda der me står sterkast frå før, nemleg fiske og jordbruk, seier Alendal.



Tilsette ved Bokn Plast framfor produksjonslokalet og litt av septiktank-lageret. Plassen dei står på er ein del av det 4 dekar store området som er fyllt ut i sjøen med overskotsmasse frå Bokn-prosjektet. Frå v.: Olav Vetvik, Ingvar Ørjansen, Jakob Hognaland, Eiliv Vatnaland og Gunnar Simonsen.

Tekst og foto: Harald Sel

Fiskarveteran Bjarne A. Våge - Bokn ligg lageleg til for fiske

Tekst og foto: Harald Sel



På kaia i Alvestadkroken med fiskebåtar av ulike typar.



Bjarne A. Våge gjer seg klar til å dra ut med fiskebåten sin frå Alvestadkroken.

For øysamfunna på Bokn har sjølsagt fisket vore ein svært viktig - for ikkje å seia den viktigaste - næringsvegen fram etter tidene.

Tidlegare var gjerne kombinasjonen fiske og småbruk vanleg. Då var det fiskar-koncne som aleine måtte ta seg av både gardsdrift, hus og barn, når mannen var borte på fiske.

I dag er det nesten heilt slutt med yrkeskombinasjonen fiske/jordbruk. Heller ikkje betyr fisket som ein-yrke så mykje som før, men framleis er det mange aktive fiskarar i kommunen.

Sildafiske

Bjarne A. Våge er med sine 62 år ein av fiskarveteranane på Bokn.

- Eg var med far min i færingen frå eg var 8 år, fortel han. 17 år gamal, i 1946, kjøpte Bjarne ein 19 fots motorbåt. Men alt som 16 åring hadde han vore med på sildafisket. Og på sildafisket var han med kvart år, heilt til "sildeeventyret" gjekk mot slutten midt på 60-talet.

Småfiske

Elles har Bjarne A. Våge vore med på det meste innan dei store fiskeria. Men sidan 1979 har han drive berre med småfiske.

Fisken leverer han på Harvik i Tysvær. Og i den samanhengen er fastlandssambandet ein stor fordel, fortel Bjarne.

- Før reiste eg med motorbåten for å levera fisken. Det tok 3 timar fram og tilbake. Nå kjører eg fisken i bil til mottaket. Det tar ca 1 time fram og tilbake. Det er mange timar spart på eit år.

Må satsa

Me spør Bjarne O. Våge om det er god forteneeste ved å driva småfiske rundt Bokn.

- Nei. Eg lever rett nok av det, men det er ingenting for familiefolk. I dag må ein helst satsa på større båtar. Ein sjark kan nok gå an, men nå for tida er det i minste laget med fisk for sjark-fiske.

God og sunn mat

- Kva trur du om framtida for Bokn som fiskerikommune?

- Me bur voldsomt lageleg til for fiske. Dersom det f.eks. aukar på med sild, kan det nok endra seg til det betre. Folk skal jo ha mat, og fisk er god mat og sunn mat.

Dersom berre fiskeressursane blir forvalta på ein fornuftig måte, trur eg nok at fiskar-yrket blir attraktivt i framtida - også i Bokn, seier Bjarne A. Våge.

Fiskeoppdrett: Bokn-næring i "medvind"

Tekst og foto: Harald Sel

Som ein kommune med svært sterke fiskar-tradisjonar, var det naturleg at Bokn "kasta seg på" i kampen om konsesjonar innan fiskeoppdrettsnæringa.

Fire matfisk-anlegg og 2 settefisk-anlegg er etablert i kommunen. Og i motsetnad til fleire andre stader, har alle 6 unngått sjukdom, algedød og andre store baksmell. Mens mange andre



Åse Synnøve Nesheim ved kontorpulten i Bokn Fiskemottak.

anlegg må bruka antibiotika for å halda sjukdoms-epidemiar i sjakk, har fiskeoppdrettarane på Bokn ikkje hatt sjukdomsutbrot.

Samarbeid

Fiskeoppdrettarane på Bokn saman med fire oppdrettarar i Tysvær, oppretta i 1987 eit slakteri- og pakkefirma for laksen - Bokn Fiskemottak A/S. Med deltidstilsette er bortimot 20 personar i arbeid her.

Fungerande leiar ved bedrifta, Åse Synnøve Nesheim, fortel at all fisken blir eksportert til Europa. I fjor var eksportverdien ca 50 millionar kr. Til samanlikning kan me nemna at total norsk eksport av oppdrettsfisk i 1990 var ca 5 milliardar kr.

Fastlandssamband

- Har det særleg betydning for Bokn Fiskemottak at kommunen er blitt landfast?



Svein Arne Alvestad (t.h.) med dei 2 medarbeidarane Espen Alvestad (t.v.) og Arvid Jøsang.

- Ja. Det betyr mykje at bilane kan koma og lasta opp når det passar. Av og til har tidsmarginane vore så små, at me måtte leiga ekstra ferje. Det har kosta oss kr. 1.200 pr. tur. Særleg bra er det at me får ferje frå Bokn direkte til Mekjarvik og Stavanger.


Tru på framtida

Ein av matfisk-produsentane på Bokn er Svein Ove Alvestad. Han er leiar for Loden laks, som sysselset 3 personar.

Alvestad starta opp i 1984, og firmaet har hatt ei veldig fin utvikling. Nå er produksjonen ca 300 tonn pr år til ein salsverdi av 8 millionar kr.. Anlegget har vore heilt fritt for sjukdom.

- I 1990 brukte eg ikkje eit gram antibiotika, seier Svein Ove. Sjøl om næringa for tida er inne i ein tøff periode, ser han lyst på framtida.

- Klarar me å halda sjukdomsproblema i sjakk og unngå overproduksjon, trur eg Bokna-laksen skal klara seg på den utanlandske marknaden. Og når det gjeld førebygging mot sjukdom er me kome langt med vaksinasjon og andre forebyggjande tiltak. Etter kvart vil dette langt på veg gjera bruk av antibiotika unødvendig, meiner Svein Arne Alvestad.



Ved "slaktebenken" på Bokn Fiskemottak als.

Kong Haralds første "kongeveg"

Festopning med historisk sus

Fotoreportasje: Roy Storvik, Harald Sel og Bård Asle Nordbø



Forventninga er stor på Are. Det er kort tid igjen før Kongen og Kronprinsen med fylgje skal koma.

Ferjeleiet er stappande fullt av festkleddede folk. Somme meiner at talet er 1.500, andre tippar på minst 2.000.

I fremste rekke står fire av dei som har spesielle oppgåver.

Andreklassingen Glenn Taraldlien og førsteklasingen Cicilie Larsen er klare med blomsterbukettane som dei skal overrekka til Kong Harald og Kronprins Haakon.

Til venstre står vegarbeidarane Terje Nordmark og Steinar Rullestad, som skal stå æresvakt på kvar side av vegdirektør Eskild Jensen og ordførar Leif Vatnaland under snorklipping-seremonien



Bilkortesjen kjem. Dei kongelege får overrekt blomsterbukettane. I mottakingskomiteén er fire av vegarbeidarane ved Bokn-anlegget, vegdirektøren, fylkesordføraren og vegsjefen.

Frå venstre: Lærling Karsten Haukås, som helsar på Kongen, formann Sverre Kvinnesland, maskinførar Magnar Michelsen, vegdirektør Eskild Jensen, fagarbeidar Sissel Samsøe og vegsjef Chester Danielsen. Fylkesordførar Arne Rettedal er skjult bak Kronprins Haakon.





Alle dei festkleddede barne med norske flagg får oppleva ein dag større enn 17. mai. 26.juni 1991 blir utvisomt eit minne for livet. Ein historisk dag, som det nok vil gå ein del år før dei futtur dimmensjonane over.



Kongen stig opp på podiet og helsar folket. I venstre hand har han vegvesenhjelmen, som han fekk overrekket som gave frå anleggsarbeidarane på Bokn-anlegget. Til venstre for Kongen står Kronprins Haakon.



Ordførar Leif Vatnaland overrekker gave frå Bokn kommune, eit flott applikert teppe med motiv frå Bokn, som amatørkunstnaren Solrunn Alvestad har laga.



Ordførar Leif Vatnaland har halde ein god og velforma tale. Nå er det tid for prolog, og den er ikkje mindre god og velforma. Olaug Hognaland si framføring er dertil tydeleg og sikker. Så får ho då også ei personleg takk frå Kong Harald etterpå.



Vegsjef Chester Danielsen talar. Ein stor dag for Bokn, for Rogaland, for Vestlandet, og for Statens vegvesen Rogaland, understreker vegsjefen.



Den offisielle opninga av Kyststamvegen gjennom Bokn kommune.

H.M. Kong Harald 5 si første vegopning som konge, og han brukar ein staskniv laga av vegarbeidar Odd Egil Narten, Statens vegvesen Rogaland.

Når ein ser på planane for den vidare utbygginga av Kyststamvegen, kan det bli mange vegopningar i åra frametter, sa Kongen i talen sin. Han er hjarteleg velkomen, både til opninga av Rennfast-prosjektet neste år og til mange fleire vegopningar seinare.

Kong Harald signerer ein stein henta frå området ved Are. Steinen skal stå i parkområdet ved ferjeleiet, som eit minnesmerke om den historiske dagen 26. juni 1991.

Deretter går Kongen og følget hans ombord i sjaluppen som fører dei til kongeskipet "Norge" ute i Arsvågen.



Ein musikkskule å vera stolt av

Tekst og foto: Harald Sel

Bokn musikkskule skal vera ein av dei beste i landet. Og sikkert er det at skulen kan visa til imponerende brei aktivitet.

Interessen svingar, seier rektor Jardar Havikbotn. For tida er det synthesizer og elektroniske instrument som er mest populære. Men av tilbød elles listar han opp: Orgel (både kyrkje- og elektronisk orgel), klassisk piano, trekkspel, fløyte, fele, popgruppe, messinggruppe, damekor, barnekor, solosang og leikarring. Til hausten kjem eit nytt tilbød, musikk/drama.

Jardar Havikbotn er dessutan dirigent for Bokn skulekorps, han har aspirantundervisning for skulekorpsset og er dirigent for Bokn brass. Når han så attpåtil sjøl spelar fleire instrument og syng, skulle det vera nok å ta seg til for den driftige musikkskule-rektoren.

Underholdningskrefter

Tilboda frå musikkskulen kan alle innbyggjarane i kommunen nytta seg av, og mange av dei gjer det. I år får 165 av dei 750 boknarane ei eller anna form for musikkundervisning. Det vil seia over 20 %.

Og resultatene av musikkskulen si verksamhet er lette å registrera. Det er ikkje vanskeleg å skaffa eigne underholdningskrefter til f.eks. årsmøtet i handelsslaget, bygdefestar og 17. mai. Eller til veg- og bruopningar, slik som me har opplevd på dei to store opningsfestane for Boknprosjektet.

Samarbeid

Er så alt berre "velstand" for ein musikkskulerektor på Bokn? Me spør Jardar Havikbotn.

- I ei så lita bygd er nær sagt alle med på alt, så det svingar litt. Nett nå er det svært populært mellom ungane å vera med i speidarane. Også f.eks. idrettslaget har stor aktivitet. Men me "slåss" ikkje om å dra til oss flest muleg. Laga og organisasjonane samarbeider og har felles planleggings-møte.

For musikkskulen er intensjonen å halda oppe eit breitt tilbød, sjøl om me er ein liten kommune. Det klarer me. Og eg må understreka kor fint det er at me har så positive folk innan styre og administrasjon i kommunen, og som ser verdien av tilboda våre.



Leiaren i kulturstyret: - Fastlandssambandet er ein fordel for kulturlivet

Til å vera ein kommune med berre 750 menneske, har Bokn eit svært rikt og aktivt lags- og kulturliv. Så kan ein stilla spørsmålet om kva fastlandssambandet får å seia for kulturaktivitetane. Me spør leiaren i kulturstyret Sigrunn Hosaas om hennar mening.

- Det må vera positivt at me lettare kan vera med på det som skjer utanom kommunen. Ta Bokn Idrettslag f.eks. Når ein tidlegare skulle delta på ei idrettstilstelling ute på ein søndag, måtte ein reisa tidleg om morgonen og kom heim att langt ut på ettermiddagen.

Sigrunn Hosaas legg elles vekt på at dei som ikkje finn atraktive tilbød i kommunen, nå har lettare for å finna engasjerande ting å vera med på andre stader. Det er jo bare 40 min. å reisa med bil til Haugesund f.eks.

- Men ser du ikkje ein fare i dette, at kulturlivet i kommunen blir utarma ved at folk engasjerer seg meir i aktivitetar utanom?

- Nei. Eg trur me kan få det igjen i større trivsel og at me dermed yter meir også i lokalsamfunnet. Av og til har me hatt problem med at me gjekk "tome" på Bokn, når me kom for lite ut. Me har elles sett at dei som har flytta ut, trekker heim att til aktivitetane der. Dette har blitt lettare etter at me fekk fastlandssambandet, seier Sigrunn Hosaas.



Musikkskule-rektor Jardar Havikbotn med ei gruppe messingblåsarar. Elevane er frå v.: Grete Jorun Grønnestad, Daghild Grønnestad, Solveig Alvestad, Inger Marie Våge og Brit Nesvik.

Tekst og foto: Harald Sel

Anne Marie Medhaug - bonde, politkar og organisasjonsmenneske:

Småbruka viktige for Bokn - men kva med framtida

Tekst og foto: Harald Sel

På Bokn, som i dei aller fleste norske bygdesamfunn, er jordbruket ein viktig næringsveg. Men dei fleste bruka er heller små, og mange spør seg nok i dag om kva framtid desse gardane har. Vil det framleis bli ført ein landbrukspolitikk her i landet, som gjer det leveleg på desse småbruka?



Anne Marie Medhaug kan på mange måtar vera ein typisk representant for gardbrukarane på Bokn. Saman med mannen, Johan, driv ho gard på Våga, Austre Bokn. Garden er totalt på 116 mål. Av dette er 50 mål dyrka, resten er kulturbeite og utmark. Ekteparet Medhaug driv med sau, mjølkeproduksjon og ungdyr.

Skiftande kår

Me spør Anne Marie om denne, etter måten vesle garden, er til å leva av.

- Det er nå den me lever av iallfall. Men det har ikkje alltid vore lett. Me har 4 søner. Då dei var mindre, tenkte eg til tider: Ungane skal iallfall ikkje få det så vondt som mannen min og eg har det. Då ungene var små, var det arbeid nesten natt og dag, og me hadde lite igjen. Så kom den perioden då inntektene blei betre, frå midt på 70-talet. Men nå er jo alt mykje meir usikkert igjen.

Politikk og organisasjonsarbeid

Det har vore lettare i seinare år, ja. Og for Anne Marie Medhaug har dette ført

til at ho har fått tid og overskot til å engasjera seg i politikk og organisasjonsarbeid. Ho er medlem i Bokn kommunestyre og i skulestyret. Dessutan har ho mellom anna vore med i styret for Rogaland bondelag i 4 år, og ho er for tida med i styret for Senterkvinnene i Rogaland.

- Kva har du igjen for å engasjera deg politisk og i organisasjonsarbeid?

- Det er interessant og det er berikande å få vera saman med andre samfunnsengasjerte menneske. Men det kan vera hardt og. Før jul syns eg alltid det blir i meste laget, - budsjett og mange andre ting. Men eg har nå sagt meg villig til å stå på lista igjen til valet i haust.

Fastlandssambandet

- Kva har det å seia for deg at Bokn har fått fastlandssamband?

- Eg veit ikkje koss eg skal seia det. Så

mange ting kjennest- og er annleis nå. Me kan koma og gå enten det er natt eller dag. Me kan besøka dei 3 ungene våre som har flytta ut, utan å tenkja på ferja. Dei bur i Ølen, på Karmøy og i Tysvær. Dyrlegen kan koma, når me treng han, utan store ekstra skysskostnader. Nei - det er så store forandringar, at eg kan liksom ikkje finna ord for kor kjekt det er.

Framtida for garden

Våga, der Anne Marie bur, er ei naturperle. Her er ho oppvaksen, som odelsjente, og her trivs ho.

- Ingen stad på jorda er som Våga. Her er berre nydeleg, slår ho fast

Men kva med framtida for garden? Me har alt vore inne på den usikre situasjonen for småbruksnæringa i dei mange norske bygdesamfunna.

- Tre av sønene har flytta ut, den fjerde går framleis på vidaregåande skule. Men me har fått løfte frå sønene våre om at garden ikkje skal gå til framande. Så det blir nok til at ein av dei overtar, seier Anne Marie Medhaug.



Våga, der Anne Marie og Johan Medhaug driv gard, er ei naturperle. Eit smalt sund fører inn til den lune vika der båtane kan liggja trygt i nær sagt all slags ver.

Leia var både riksveg og europaveg

Av Birger Lindanger

Sjøvegen

Boknaren har til i dag hatt to val når han skulle ut og farta: Landevegen til bygda og sjøvegen til verda. For han var leia riksveg og europaveg. Ho førde det fyrste steinaldermennesket til Ognøy, langs leia og sundet ligg dei svære gravhaugane til bronsealder-høvdingar på Austre og Vestre Bokn som minne om då dei reid over bølgiene til storverk ved framande kystar.

Over havet frå fjerne strender brakte boknarane for tusen år sidan med seg den store sylvskatten på Sunnaland og den praktfulle gullspenna på Austre Bokn. Ved leia bak ein knaus i Boknasundet gøymde Olav Digre seg ein desemberdag i 1028 før han kløyvde skallen til Erling Skjalgson. Over dei same sunda kom Svartedauden roande dryge tri hundre år seinare.

Boknasundet var siste stopp for ferdafolk som våga livet over ein fresande Boknafjord. Men dei kunne også alt på 1600-talet søkja livd mot véret hjå ein velviljug gjestgjevar som heldt til i Føresvik eller i hamna i Alvestadkroken. Litt lenger sør og aust

henta hollandske og sidan engelske brønnskuter hummar frå Vågaholmen til kresne ganar i Nederland og England.

Rutebåten kjem

Land skilde og hav knytta saman. Segl og årer frakta folk og varer til og frå utan nokon rutetabell. Menneska var i naturens vald og kom når børa var god.

Ved nitida fredag morgon 9. november 1855 plaska den nye tida med bulder og brak inn Boknasundet. Under ei søyle av svart røyk osa hjulbåten "Ryfylke" nordover til stoppestader i "Furresvik og Kobbervik", til skipet vende i Haugesund. I kveldinga dampa det sørover mot Stavanger og søkte dei same stoppestadene.

Det starta med eitt anløp i veka. Litt i senn blei folket kjende med det kolslukande og røykspyande uhyret. Snart møtte det ved kaien litt oftare, to gonger i veka kvar veg i ruta Stavanger - Bergen.

I desse åra slo det seg ned fleire handelsmenn kringom på øya i tillegg

til han dei hadde hatt i Føresvik sidan 1817. Ein av dei satsa i 1880 på Alvestadkroken. På den tida hadde D/S Karmsund segla tri år i ruta si mellom Stavanger - Haugesund - Bergen. Det ville vera svært nyttig om skipet også kunne stikka innom "Krogjen". Handelsmannen fekk kommunen i ryggen og kring 1886 oppretta D/S Karmsund stoppestad i Alvestadkroken.


Seks år seinare fløyta Natruta fyrste gongen for Føresvik. Få bygder kunne på denne tida visa til betre samband med omverda med fire stopp kvar natt mellom 2100 og 0700. Og slik skulle det halda seg langt inn på 1900-talet.

Lokalbåtane

Den lokale båttrafikken til Tysvær og Karmøy drygde det lenger med. Men ved hundreårsskiftet gjekk det postbåt tri gonger i veka mellom Tysvær og Føresvik. Rett nok blei ruta lagd ned i 1932, men då hadde andre båtar teke over. Ein av dei fyrste var kutteren "Gløgg" som i 1920-åra gjekk mellom Nerabøsjøen, Føresvik, Kopervik og Haugesund med passasjerar, varer og mjølk. Sidan fekk han avløyning av "Rapid", "Orm", "Røgvær", "Gandal" og til sist "Boknfjord".

Denne småbåttrafikken slutta i 1968 - 1971 då Bokn fekk bilferjestø i Føresvik og sidan Austre Bokn.

I staden tok "Haugesund", "Tre Måker" og "Tungenes" over mykje av lokaltrafikken. Eit nytt innslag var Westamaranenc frå 1972. Då Skudenes-sambandet konkurrerte ut sambandet Stavanger - Kopervik - Føresvik fyrst i 1970-åra, laut det opprettast eit eige lokalsamband mellom Bokn og Kopervik med ferjer som "Hidle" og "Ryfylke". Frå 1975 tok "Bokn" over, og segla heilt fram til bruopninga i 1991. Med det var 136 års ferjetrafikk i Boknasundet slutt. Ein ny æra starta med ferjeleiet i Arsvågen.



I 1855 fekk Bokn anløp av den første rutebåten, hjulbåten "Ryfylke". Her er båten avfotografert etter eit maleri av Halvor Mikkelsen (1842 - 99).

Arsvågen 26. juni 1991:

Hav og land møtes i pakt med eldgammal samferdselstradisjon

Av Birger Lindanger

"vi (kan ikke) nogen sinde nyde got af en Hovedvei saasom vi er Øbeboere." (Ordføreren i Bokn 1886)

Dei fyrste vegane på Bokn var sjølvgrodde stiar mellom gardane, sorpete og fæle og snautt nok framkomelege til fots i haustbløya. Helst ville dei ha ein god kyrkjeveg slik at dei kunne søkja kyrkja på høveleg vis, helst til hest.

Det trongst lite til køyrevegar for sjølvberga gardar. Men med tida fekk også boknarane smaken på kjøpevarer. Gardsprodukt laut seljast for å skaffa pengar til sukker og skrå og stigande skattar.

Fire hovudvegar i 1841

Vegstellet på Bokn kom i system i 1841. Fire hovudvegar blei peika ut til offentleg vedlikehald. Kvar veg blei delt i roder som dei ulike gardane skulle ha ansvaret for vedlikehaldet av. Kvar mann i bygda laut yta to dagsverk årleg til vedlikehald eller bygging, og dei arbeidde ti mann i lag med ein formann.

Kommunestyret tenkte seg grundig om kvar gong det var tale om nye vegar. For mest kvar ting som skulle gjerast, laut det skrivast ut særskattar og ytast

pliktarbeid, også av kommunestyre-representantane. Ein søknad frå 1886 om støtte til bygging av hovudvegar i fylket blei blankt avvist: "Det forekommer os saaledes at for et Distrikt der ingen Hovedvei har og heler ikke liger i et saadant Strøg at vi nogen sinde kan nyde got af en Hovedvei saa som vi er Øbeboere" argumenterte ordføreren. Han viste vidare til at bygda laut kosta alle bygdevegar og brua på Sunnaland sjølv, og at boknarane hadde store utgifter med å frakta personar og varer når dei skulle av landet til byen.

"Dabbevegar" til kyrkjedøra

Fire allmannavegar førte til kyrkjedøra i 1841, enkle "dabbevegar" og ringe å køyra på. Den fyrste var prestevegen frå "Vigjå" opp til kyrkja. Derfrå slanga vegen seg gjennom innmarka til Boknaberg og ned til "Grytlå" ved Boknabergsvatnet. Her gjekk ein veg over fjellet til Torland, Gunnarstad og Trosnåvåg.

Hovudvegen heldt fram til Håland der ein arm stakk av vestover heia gjennom Dagslandsskaret langs Vatnalandsvatnet og vidare vestover og sørover Økland og Sunnaland over brua i Straumen til Jøsen og Loden. Den

fjerde vegen fortsatte ned bakken frå Håland der han svinga vestover til Vatnaland for å svinga meir søraustleg forbi Trælhaug, Lauland til Are.

Veg for austre-boknarane

Mange ynskte fleire offentlege vegar enn desse fire. Særleg trong bøndene på Alvestad og i Våga til ein kyrkjeveg frå Alvestadkroken over Alvestad til kyrkja.

Ofte segla kyrkjefolket frå kvar sin gard på Austre Bokn. Men i Våga blei dei lettare stoppa av uvær enn frå den nordlege delen av øya. Då vart det å vassa langs urgamle, sjølvgrodde stiar til Aksdalsnaustet og ro til Kroken. På den andre sida venta like elendeg veg blant anna over Kvernbecken til kyrkja.

Alvestadfolket og vågabøndene søkte gong etter gong frå 1849 av. Men fyrst tjuu år seinare låg den offentlege gangvegen ferdig frå Våga til Aksdal og frå Alvestadkroken til kyrkja.


Frå Kro til Våga

Han blei fylgt opp i 1875 av planar om eit omfattande vegprosjekt over Tåganes nord til Kallabergvika slik at Ognøyfolket også kunne nytta godt av betre kyrkjeveg. Men vestreboknarane trødde ikkje til. For likevel å få noko, reduserte kroarane i 1889 kravet til bare å omfatta ein forsvarleg gangveg ned til Tåganes. I 1904 var han på plass frå Nerabønaustet til Kro.

Men alt i 1917 og 1918 blei han erstatta av ein mykje betre veg med same standard som vegen frå Føresvik til Sunnlandsstraumen. Dei siste bitane heilt sør til det sørlegaste bruket på Sørå Våga og nord til Kallabergvika sto ferdige tidleg i 1950-åra.

Vegopprustning frå 1895


Arbeidet med å heva vegstandarden starta i 1890-åra. Mot slutten av 1800-talet var boknarane stort sett ferdige med natural-hushaldet og store varekollit skulle fram til og frå mellom dampskipskaiane og gardane. Etter mykje press blei det i 1895 vedteke ei kraftig



Frå Føresvik i 1908. Biletet er tatt frå Holmen og viser brua til land, og vegen sørover mot kyrkja. Vegen, som gjekk vidare til Sunnlandsstraumen, vert bygt mot slutten av 1800-talet. I huset til høgre på biletet var det handel og huset til venstre hadde post og dampskipsekspedisjon.



Strømmen, Bokn.



Sunnalandsstraumen med vippebrua i 1908. Brua vart bygd i 1906. I huset var det handel. Handelsmannen sin båt ligg til høgre på det øverste biletet. Der ser ein også at vegen går vidare utover mot Jøssang. I 1919 fekk vegen frå Straumen til Jøssang ei kraftig opprustning.

opprustning av dei viktigaste vegane på Vestre Bokn.

Fyrst skulle vegen frå Føresvik til Sunnalandsstraumen leggjast om Vatnaland og opparbeidast, planerast og grusast til ei breidd av 2,5 meter. Same standarden skulle bli vegen frå Gruttlå ved Boknabergsvatnet fram til den gamle skulen på Torland til del. I 1899 låg desse vegane ferdige til bruk.

Arsvegen fylgde etter i 1914 og i 1918 kom vegen på Austre Bokn. Året etter fylgde strekkingen Straumen - Jøssang. Men fortsatt mangla skikkeleg veg frå skulehuset på Torland over Trosnavåg til Grønnestad og frå Sæbø over Alvestad til Håland.

Vegvaktarane kjem

Dei nye vegane trong meir tilsyn og vedlikehald enn tidlegare, og det gamle rodesystemet var avleggs. I 1920 gjekk Bokn difor over til å halda faste vegvaktarar. Dei var frå starten sju i

talet, to på Austre Bokn og fem på Vestre Bokn. I ein periode då vegane regna bort i eit voldsomt uvær sommaren 1924, laut alle bøndene likevel ofra arbeidsdagar for å få dei offentlege vegane framkomelege.

Fyrste bilen

Men sjølv desse opparbeide vegane var langt frå dagens mål. Då Halfdan Thuestad som førstemann søkte om å få køyra bil på Bokn i 1927, fekk han til svar at så kleine og smale som vegane var, var det uråd å støtta søknaden. Thoralf gav seg ikkje og fekk grønt lys i 1929. Vilåret var at han let vera å køyra i teleløyvinga og at han sto for gruskøyeringa når det trongst. Han blei likevel ikkje fyrste bileigaren i Bokn. Den rolla blei i staden Kristoffer Håland til del, då han i 1930 rulla den fyrste bilen på land.

Sysselettingstiltak

Elles prøvde også kommunen å få i gang nybygg. Vegen frå Torland skule til Trosnavåg kunne takast i

bruk i 1925 og eit større anlegg frå Gunnarstad tri kilometer nord til Breivik blei vedtekt i 1926. Men usemje mellom oppsitjarane slo bein under tiltaket. Løyvingane gjekk i staden til ny veg til Hognaland, som blei overlevert i 1932. Endeleg blei også vegen frå Aukland til Grønnestad fullført i 1926.

Landet og bygda var inne i harde nedgangstider og vegbygging var eit viktig sysselettingstiltak. Ikkje nokon gong har det vore ein slik intens vegbygging som dei ti åra som fylgde fyrste verdenskrigen.

Også i 1930-åra møtte arbeidslause ungdommar og familiefedre opp og klaga over arbeidsløyse. Men pengane sat nå lenger inne. Stort sett blei det med vegbiten frå bedehuset til Hognaland og frå Sunnaland til Jøssang. Det siste stykket til Loden blei fullført under krigen av tyskarar som trong brukbar veg til festningen sin.

Hektisk vegbygging 1945 - 62

Etter krigen heldt den hektiske vegbygginga fram til kring 1962. Mellom anna blei dei fyrste 460 metrane veg lagt på Ognøy i perioden 1954 - 1961, medan vegstubbane opp til Dagsland og til masta på Boknafjellet blei fullført om lag på same tida.

Framhald side 18



Frå Alvestadkroken i 1910. På denne tida var det handel og bakeri her. Biletet er tatt mot sør-aust, og ein ser Aksdalsneset på Austre Bokn i bakgrunnen. Til venstre ser me den gamle kyrkjevegen frå Alvestadkroken. Den første offentlege gangvegen frå Våga på Austre Bokn til Aksdal, og frå Alvestadkroken til kyrkja, låg ferdig i 1869.

Fortsettelse fra side 6

Bokn fastlandsamband

Boknasundet bru er den første fritt-frambygg bru som har et av søyle-fundamentene på løsmasser. Dessuten er det bru nummer to i Norge der det er brukt lettbetong i overbygningen.

Entrepriser - egendrift - bemanning

Alle bruene har vært bygget ved hjelp av entrepriser. Både lokale, og mer landsomfattende firma har vært representert.

Så og si alle vegarbeidene har vært utført i egenregi. En kjerne på 2-3 vegarbeidere har fulgt prosjektet fra mai-87 og helt fram til åpningen. Rundt disse har det vært bygget opp et system av innleide og egne maskiner. Det har vært en utstrakt bruk av korttidsinntak, da spesielt fokusert på tidligere lærlinger. Vi har fått mannskaps-hjelp både fra Stavanger, Haugesund og Sand i perioder med stort arbeidspress.

Prosjektledelsen har bestått av 3-4 personer. I tillegg har vi hatt enkelte nøkkelpersoner på vegkontoret i Stavanger. Konsulenter har vært brukt i den utstrekning vi har hatt behov for hjelp, og ikke hatt kapasitet selv.

I den grad det har vært mulig, har vi støttet lokalt næringsliv. Det har spesielt vist igjen ved innleie av båttjenester og kjøp av diverse varer.

Samarbeide

Vi har hatt en følelse av at de aller, aller

fleste har ønsket Bokn-prosjektet velkommen.

Tungenes Ferjeterminal AS som har stått for hovedtyngden av finansieringen, har vist stor vilje og innsikt til å komme oss i møte ved bl. annet endrede tempoplaner og tildels økte kostnader.

Bokn kommune, som har vært midtpunktet for byggearbeidene i 4-5 år, har støttet oss på beste måte. En stor takk til ordfører Leif Vatnaland som har fulgt oss hele tiden både som politiker og grunneier.

Det er mitt håp og ønske at veganlegget fra Susort i Tysvær til Arsvågen på Vestre Bokn vil bli brukt av så mange som mulig. Vegene og bruene har, og vil åpne nye områder for de som liker å se seg om.

Ta en tur til Ognahavn badeplass på Ognøy, eller ta en stopp på rasteplassen på Austre Bokn, med fantastisk utsikt innover mot Ryfylke. Kjør langs svabergene siste strekning ned mot ferjeleie, der Arsvågen kiosk og kafe er verdt et besøk. Eller en hvil i miniparken utenfor terminalbygget der Kong Harald ved åpningen satte sitt navnetrekk på en stor gråstein. Prøv fiskelykken fra svaberg eller molo, eller rett og slett nyt naturen.

Hvis turen går til Stavanger, kan vi høyst sannsynlig tilby en behagelig 50 minutters reise uten for mye og for store bølger.

VELKOMMEN

Framhald frå side 15

Leia var både riksveg og europaveg

Brygger

I støa og ved brygga møtest sjøveg med landeveg. Landingsplassane laut tilpassast båten. Kom ikkje damparane seg til lands, var det å borda dei med småbåtar, ofte eit vågestykke i ringt vér. Boknarane var difor snare med å setja opp skikkelege brygger. Alt kring 1860 var den fyrste "landgangsbyrgga" på plass i Føresvik. I over førti år var ho porten ut mot verda for boknarane. Men i 1903 var ho forelda og i 1905 kom det på plass ei meir tidshøveleg brygge på Holmen. Ei anna brygge fekk Alvestadkroken i 1886 for å kunna ta i mot D/S Karmsund. Ho var særskilt høveleg for inn- og utskiping av "kreatur".

Også på Austre Bokn lengta dei etter ei dampskipsbrygge. I 1877 var dei fyrste gongen fram på om ei brygge på Tåganen. Saka blei sendt over til amtingeniøren og åra gjekk utan at noko skjedd.

Endeleg i 1917 fekk dei eit overslag frå amtsingeniøren som vurderte kostnadane til 11000 kroner. Av dette skulle austreboknarane sjølv kosta halvta, og kommunen og fylket ein fjerdepart kvar. Sjølv om kommunen løyvde sin del, gjekk det åtte år til før dei endeleg kunne ta i mot den fyrste rutebåten. Med det var dei viktigaste kaianlegga på plass i Bokn.

Framhald frå side 17

Hav og land møtes i pakt med eldgammal samferdselstradisjon

Men det mest omfattande anlegget var den nye vegstrekningen Sæbø - Alvestad - Håland som sto ferdig til overlevering 1. januar 1963. Dessuten blei Grønnestad i 1959 knytta saman med Trosnavåg slik at det vart rundkjøring på øya.

Planeringsbreidda var nå kring fire meter, ein heilt annan veg enn den 2,5 meter som var vanleg frå 1899 til og med krigen.

Frå halvannen mil i 1918 har vegane strukke seg til nære på fem mil i dag, vegar der grusdekket stort sett er bytta med fast dekke. Og dei moderne ferjene

er blitt mest som ei forlenging av landevegane.

Eit nytt univers -

Utviklinga har skapt eit anna univers for boknaren av 1991 enn det forfedrane strevde i 150 år tidlegare. Då laut han slita heile dagen, stundom med livet som innsats, for å nå fram til marknaden i Stavanger. I dag tek det kortare tid å dra til Stavanger enn det tok frå Sunnlandsstraumen til Føresvik.

Høvet til å reisa gjev også det moderne mennesket ein heilt annan fridom enn før, både til å orientera seg i verda og til å tena til livets opphald.

- og det gamle som var

På den andre sida er det også eit univers som er gått tapt. Det tette tilhøvet til naturen, kontakten med gamle tradisjonar og truer, tryggleiken mellom slekt og grannar har for ein del gått i oppløysning.

Likevel møtes hav og land i Arsvågen i pakt med eldgammal samferdselstradisjon i Bokn! Men ordføreren som for over hundre år sidan spådde at det aldri nokon gong kunne koma hovudveg over Bokn, skulle ha vore med oss ved Arsvågen den minneverdige junidagen i 1991!

Dei offentlege tenesteytarane



Sjøl om Bokn har mange av verdiane til småsamfunna, har kommunen også slike servicetilbod som er vanlege i større lokalsamfunn.

I kommunesenteret Boknatun har ein samla dei viktigaste offentlege kontora og servicefunksjonane: Kommunale- og statlege kontor, sjukestove, helsesenter,

tannlegekontor, folkebibliotek, bank og post.

På fotoet er ein del av "dei offentlege tenesteytarane" i kommunen samla utanfor Boknatun saman med ordførar Leif Vatnaland.

Ståande frå v.: Ragnhild Ognøy, Bokn trygdekontor, Ingunn Sunde, Bokn trygdekontor, Marianne Øvrebø, Bokn sjukestove, sosial- og kultursjef Reidar Alvestad, kommunkasserar Harald Bokneberg, ordførar Leif Vatnaland, rådmann Jan Erik Nygaard, teknisk sjef Hans Faye og Karin Svendsen, formannskapskontoret. Framme frå v.: Lindy Haram, sentraladministrasjonen, Marit Markhus, teknisk etat og Anna Hognaland, Bokn sjukestove.

Tekst og foto: Harald Sel

Fint å vera ung i Bokn

Korleis er det å vera ung på Bokn?

Det må vera ganske bra, skal me dømma ut frå det me fekk høyra frå ei gruppe unge me traff mellom dei som arbeider ved Bokn Fiskemottak A/S. Ja, det er ikkje berre bra, men knallbra, ifylgje ein av dei.

- Det er eit godt samhald mellom oss unge, me kranglar lite og me har det triveleg, seier ei av jentene.

Og dei 5 me prata med nemnde mange goder ved heimekommunen.

- Me har ein masse fine plassar der me kan samlast ute, og f.eks. grilla. Om somrane er det ganske ofte varmt nok til å bada, og det er mange fine bade-plassar. - Boknafjellet er fint. Eg går ofte dit opp, seier ei av jentene.

- Ja, Bokn kommune er rik frå naturen si side, seier Stig. - Det er f.eks. ikkje berre i sjøen me har fisk. I Bokn er det fleire gode fiskevatn, så eg er ofte ute med fiskestonga.

Men også når det gjeld innandørs aktivitetar har kommunen mange tilbod for ungdom, som diskotek. Dei unge understrekar også at ein nå kan koma



Kristine Vatnaland, Malin Taraldlien, Stig Haram, Eisabeth Gundersen og Rune Grønnestad.

lett til Haugesund og Tysvær, når ein ønsker det.

Ungdommane me snakka med understreka dessutan at ein ikkje har noko narkotika-problem i kommunen, og at det er svært positivt. Heller ikkje har ein noko problem å snakka om når det gjeld alkohol.

- Får me arbeid og kan velja kor me vil bu, blir det Bokn for oss. Det er dei ikkje i tvil om, verken Elisabet, Malin, June, Kristine eller Stig.

Tekst og foto: Harald Sel

BOKN

FASTLANDSSAMBAND
Ein del av Kyststamvegen

C RETURADRESSE:
POSTBOKS 197
4001 STAVANGER



RYGJAVEGEN

Siste finpussen langs den nye vegen, dagen før Konge-opninga. Ferievikarane Irene Lindanger og Per Ivar Tørresdal må bruka stutturv og ljå for å rydda bort graset i dei bratte vegskråningane ved Alvestadkroken på Vestre Bokn.